

## Prosedyre for primærkontakt

Status:	Gjeldende
Ikrafttredelse:	02-06-2015
Type:	Prosedyre
Utstedelse:	01-06-2016
Sist revidert:	01-06-2016
Neste revisjon:	02-06-2017
Ansvarlig:	Randi R. Minde og Britt Romarheim
Redaktør:	Kathrine S. Brakstad
E-post:	<a href="mailto:kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no">kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no</a>

### **Føremål.**

I Meland Kommune skal pleie og omsorgstenesta organiserast etter primærkontakt prinsippet. Kvar einskild pasientar/ brukarar får tildelt primærkontakt for å sikre god individuell teneste av høg fagleg kvalitet.

Dette skal sikre at:

- Pasient/ brukar får kontinuerleg oppfølging og helsehjelp av god kvalitet.
- Pasient/ brukar får oppfylt sine rettar i følge lov og forskrift.
- Pasient/ brukar opplever respekt, verdighet og toleranse..
- Pasient/ brukar har medverknad i høve til eigen helse- og omsorgsteneste

### **Grunnlag (link)**

Kvalitetsforskrift  
Pasientrettighetsloven  
Helsepersonell loven  
Helse og omsorgslova  
Vergemålslova

### **Omtale**

Ved sjukeheimen vil alle pasientar få tildelt ein sjukepleier og helsefagarbeider som primærkontakt.

I heimetenesta vil alle pasientar / brukarar få tildelt primærkontakt.

Tjenestevedtaket avgjer kva kompetanse primærkontakten skal ha.

Ein primærkontakt skal **sikre** følgjande oppgåver:

- Oppretthalde dialog med pasient/ brukar og pårørande.
- Ivareta kontinuitet, stabilitet og individuell omsorg for pasient/ brukar.
- Kontakt med lege og spesialisthelsetenesta og dokumentere dette i journalen.
- Inkomstrapport/ samtale – innhenting / oppdatering av helseopplysningar / nettverk osv Sjø avdelingsvis sjekklister. (vedlegg)
- Kontinuerleg oppdatering av hovudkort, tiltak/ pleieplan og Iplos.
- Ansvar for å dokumentere, rapporter tenestebehov/ endringar i tenestebehov i f.t. gjeldande vedtak. Endringar i tenestebehov skal meldast til avdelingsleiar slik at mellom anna vedtaket kan justerast. Sjø prosedyre: sakshandsaming.
- Oppdatera pleie- / miljø- / individuell- plan ved endringar i pasient/brukar sin situasjon.
- Ein skal evaluere vedtaka årleg.
- Bidra til verjemåls oppnemning.

- Tverrfageleg samarbeid rundt pasient/ brukar, dokumentere dette i elektronisk pasientjournal. God informasjonsflyt slik at pasient / brukar sine behov vert formidla til nødvendig personalet (internt innan tenesteområdet, mellom tenesteområda og i høve til spesialisthelsetenesta)

### **Ansvar/mynde**

Avdelingsleiarskal utpeike primærkontaktar til pasientar/ brukar. Dersom primærkontakt erfråverande over ein lengre periode, må ein annan tenesteytar i avdelinga fåtildelt ansvar for å utføre primærkontakt oppgåvene.

### **Kvalitetsmål**

Sikre god kvalitet og kontinuitet på pleie og omsorgs tenesta til kvar einskild brukar.

### **Evaluering:**

Evaluerast årleg innan utgangen av februar , jmf årshjul

### **Vedlegg:**

Sjekklistar Meland Sjukeheim

Sjekkliste Heimetenesta:

- Primærkontaktansvar for brukarar med nedsett funksjonsevne – [legg inn ny link til oppdatert sjekkliste](#)